

KREATIVE FAG

Kort introduksjon

Teikning er eit universalspråk som vi kanskje er i ferd med å miste. Det har utvikla seg ei oppfatning av at teikning er noko magisk som berre kunstnarar, arkitektar, designarar og andre «proffar» held på med, og som ein må ha eit spesielt talent for å drive med etter ein har fylt 13 år (Nesse, 2013). Legg vekt på at teikning ikkje handlar om å vere «perfekt», men om å uttrykke seg og ha det gøy, vera kreative og utforske sine egne stilar. Utdanningsdirektoratet (2020) seier dette om teikning:

“Utvikling av teikneferdigheiter er heilt grunnleggjande for å kunne kommunisere idear, erfaringar, budskap og samanhengar»

Observasjonsteikning handlar om å teikne det ein kan sjå eller observere, og inngår i samleomgrepet «visuelt kontrollert teikning» (Frisch, 2013). Førestillingsteikning handlar på si side om visualisering av indre bilete, tankar, idear og kjensler, og inkluderer, fantasiteikning og teikning som eit kommunikativt reiskap (Omtveit, 2011, sitert i Skjelbred, 2021).

Teikning er også eit læringsverktøy og teikning kan brukast i dei fleste faga. Ein kan til dømes lage illustrasjonar til historiefaget i eller til eit dikt i norskfaget. I naturfag kan vi laga diagram og teikne blomar og vekstar. Vi brukar teikning når me lagar kart i samfunnsfag.

Døme som kan brukast i Ung lærar

Teikneleikar/ teikneøvingar

Ein ide kan vera å starte med ei kort innleiing om teikning og at teikning mest kan fungere som eit eige språk. Det er viktig å understreka at teikning er verdifull og at det er ein aktivitet for alle, uavhengig av ferdigheiter. Forklar at mange kan kjenne seg usikre på teikning på grunn av negative erfaringar, og at målet med dagens aktivitet er å overvinne denne usikkerheita. Det kanskje nok å velje to av aktivitetane. Eller kanskje de har ein annan aktivitet de har lyst å prøva ut med klassen de skal ha draumetimen saman med?

"Ein forklarer. Ein teiknar"

- Del deltakarane inn i par. Dei skal sitja rygg mot rygg
- Skriv ut bilde av enkle former (frukt, hus, bilar, geometriske former, blomar)
- Den eine eleven (A) skildrar bildet berre med ord som beskriv former, linjer, plassering (utan å vise det), mens den andre teiknar det elevane seier.
- Etter ei viss tid byter elevane rollar.
- Utstyr: blyantar og teiknepapir. Utskrifter av bilda de vil bruka

Teiknestafett

- Del klassen inn i grupper på 3 til 4.
- Mentor / elev i tiande klasse har ei liste med ord som skal teiknast. (tilpass til elevgruppa her)
- Kvar gruppe vel ein elev (som skal teikne) som går til mentor (leiaren for gruppa) for å få eit ord.
- Den valte eleven/ teiknaren spring tilbake til laget, og teiknar ordet. Når laget gjetter rett ord, spring den som sit til venstre for å få eit nytt ord.
- Målet er å vera den første gruppa som fullfører.
- Utstyr: Teikneark og blyant til kvar gruppe og liste med ord.

Blindteikning

- Del elevane inn i par.
- Dei teiknar linje-portretter av kvarandre utan å sjå på papiret og utan å løfte blyanten frå arket.
- Dette er ei øving som er nyttig for teiknarar på alle nivå og som hjelper oss til å forstå former og å sjå utan at hjernen tar over.
- La deltakarane rotere slik at alle teiknar alle, noko som skaper variasjon og moro.
- Utstyr: teikneark og blyant til kvart par

Utforsking av stilar med inspirasjon frå Tim Burton

- Vis døme på Tim Burtons karakteristiske stil. [Video](#) og [Teikne steg for steg](#)
- Diskuter proporsjonar og korleis ein kan gje liv til karakterar gjennom stiliserte trekk.

- Del ut malar på grått papir, og la deltakarane bruke kol og kritt for å lage sine egne sjølvportrett i Burton-stil.

Avslutning: Samle deltakarane for ei kort oppsummering av kva dei har opplevd.

Oppmuntre dei til å dele sine erfaringar og kva dei likte best med aktivitetane. Det kan også vera ein god idé å ha en liten utstilling av terningane dei har laga, slik at elevane kan sjå kva dei andre har skapt.

Planlegging av draumetimen med vekt på teikning

Når ein skal planleggje ein pedagogisk aktivitet ved bruk av kreative fag, er det fleire ting som er viktig å tenkja på:

- Kva er (lærings)måla for aktivitetane? Sjekk læreplanen for det aktuelle trinnet?
- Kva klasserom er tilgjengeleg?
- Kva utstyr treng de for å gjennomføra aktiviteten? (papir, blyant, viskelêr, tusj)
- Kan de gjera tilpassingar slik at alle kan vera med?
- Tidsperspektiv (td. kor lang tid tek det å gjennomføra aktiviteten/aktivitetane)

Draumetimen steg for steg

Støtt “Ung lærar elevane” i å laga ein tydeleg start og slutt på draumetimen, og at dei som «lærarar» får øvd gjennom opplegget før dei møter elevane i barneskulen. No er det viktig at det er Ung lærar ungdommane som har ansvaret. Rolla til mentor blir meir ei observatør rolle under gjennomføringa av draumetimen. Sjekk at dei saman fyller ut **planleggingsskjemaet** for draumetimen, og at dei kan svara på følgjande spørsmål:

- Kvar skal de vere når de startar aktiviteten? Er alt utstyret klart?
- Korleis startar aktiviteten? Kven har ansvaret då?
- Korleis avslutte aktiviteten? Kven har ansvaret då?
- Kven passar tida?
- Korleis har de tenkt at oppryddinga skal vera?

Referansar

- Frisch, N. S., & Frisch, Nina Scott. (2013). *Tegningen lever! : nye dialogiske perspektiver på tegneundervisning i grunnskolen*. Akademika.
- Nesse, M. (2013). Tegning er et genialt universalspråk. *Aftenposten, meninger*, <https://www.aftenbladet.no/meninger/i/X5XMW/tegning-et-genialt-universalspraak>
- Omtveit, B. (2011). *Teikning: hand og tanke. Ei undersøking av teikneundervisninga på faglærerutdanninga*. (Masteravhandling). Høgskolen i Oslo. https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/10642/916/Omtveit_Bibbi.pdf?sequence=2&isAllowed=y
- Skjelbred, B. H. (2022). *Visuell kommunikasjon og utvikling av tegneferdigheter*. Høgskulen på Vestlandet. Hentet fra Kunstkultursenteret: <https://kunstkultursenteret.no/wp-content/uploads/2022/05/Visuell-kommunikasjon-og-utvikling-av-tegneferdigheter.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (2020). Læreplan i Kunst og håndverk (KHV01-02) Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/khv01-02/om-faget/kjerneelementer>

Nettressursar

- Sjølvpportrett: <https://artprojectsforkids.org/wp-content/uploads/2022/10/Nightmare-Self-Portrait-.pdf>
- Tankar om teikning: [En tegners hverdag](#) Ein video med Bjørnar K. Meisle
- Ung lærar: [Ung lærar – langsiktig lærarrekuttering - Høgskulen på Vestlandet](#)